



Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgate 16  
5722 DALEKVAM

Dato: 27.03.2015  
Vår ref.: 2015/2934-5  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til planprogram, kommuneplanen 2015-2025- Vaksdal Kommune**

Vi viser til brev datert 23.03.2015 om oppstart av arbeid med kommuneplanen for Vaksdal 2015-2025 og høyring av planprogram

Revisjonen av kommuneplanen gjeld både samfunnsdelen og arealdelen. Planprogrammet legg opp til at kommuneplanen skal ha fokus på næringsutvikling, bustadutvikling og samferdsle.

### **Vurdering og innspel**

I denne fråsegna kjem Hordaland fylkeskommune med innspel og merknader til planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

#### 1. Merknader til planprogrammet.

Planprogrammet for revisjon av kommuneplan for Vaksdal inneheld dei elementa som bør være med i eit planprogram. Ein har sett opp dei overordna føringane, prioriterte plantema og utgreiingsbehov. Planprogrammet inneheld også informasjon om framdriftsplan og korleis kommunen planlegg medverknad.

I planprogrammet er det sett opp eit grundig skjema for verdivurdering og tema for gjennomføring av konsekvensutgreiinga. Nye innspel kan med fordel også vurderast opp mot verkander for energi og klima, universell utforming, folkehelse, næringsutvikling og senterutvikling, barn og unge, gange/ sykkel og kollektivtrafikk. Det er positivt at ein har lagt ved mal for innlevering av innspel.

#### 2. Innspel til det vidare arbeidet

##### Generelt

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at det er viktig med eit god samsvar mellom kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. I arealdelen bør ein gjere ein vurdering av arealbruken ved å ha eit heilskapleg fokus der ein både ser på nye innspel og tidlegare vedtekne, ikkje utbygde areal. På denne måten kan ein vurdere om kva areal som skal oppretthaldast, om det er naudsynt å ta ut enkelte areal, samt kva og kor ein bør tilføre nye.

### Areal og transport, samfedle og senterutvikling

Kommuneplanen er eit sentralt styringsdokument der ein kan leggje til rette for effektiv arealbruk og mindre trong for transport. Gode løysingar for kollektivtrafikk og eit godt utbygd gang og sykkelnett kan redusere biltrafikken og auke trafikktryggleiken. Det er viktig at det vert sett fokus på trafikkikker skuleveg samt tilrettelegging for ein attraktiv og effektiv kollektivtransport. Samferdsle er eit av fire tema som får særleg fokus i framlegget til planprogram. Kommunen si ROS-analyse peiker på alvorlege trafikkulykker som den hendinga med største risiko/belastning basert på forholdet mellom sannsynlegheit og konsekvens. Det er positivt at Vaksdal kommune legg fram at det er naudsynt å prioritere arbeidet med trafikktryggleik.

Tettstad og bustadveksten bør være konsentrert omkring sentre og knutepunkt i kollektivsystemet og ein bør lokalisere flest moglege tilbod og funksjonar innafor ein gangbar kjerne. Det er positivt at planprogrammet legg opp til at veksten skal skje i områda rundt Vaksdal, Stanghelle og Dale. Vi rår til at kommuneplanen definerer senterstruktur og lokaliserer funksjoner innafor sørvis og handel etter senternivå. Kommuneplanen kan dermed skape gode rammer for senter der det er attraktivt å være, bu og drive næring.

### Klima og energi

Ein av dei største utfordringane som verdenssamfunnet står ovanfor i dag er klima –og energiutfordringane. Desse kan berre løysast gjennom ein solid, målretta og langsiktig innsats frå alle samfunnslag. Kommuneplanen er eit sentralt verktøy for å få til ein reduksjon av klimagassutslepp, redusert bruk av energi, omlegging til meir ny fornybar energi og tilpassingar til eit klima i endring. Vi viser til den regionale klimaplanen for Hordaland.

### Folkehelse, friluftsliv og universell utforming

Det overordna målet med folkehelsearbeidet er mellom anna å skape flere gode leveår og redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn. Prioriteringane i arealplanlegginga kan fremme eller hindra folkehelsa. Sikring av folkehelse gjennom kommuneplanlegging gjeld innafor fleire område, mellom anna ved å leggje til rette for universell utforming, tilkomst til friluftsliv, formelle og uformelle møteplassar og trygge omgjevnader med funksjonsblanding og trafikkisikring.

Det er eit mål at alle skal ha høve til å drive med friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet og ellers. Gjennom arealplanlegging er det viktig å sikre allemannsretten og tilgjenge til friluftsområda, både dei små grøne lungene i nærmiljøet og dei større samanhengande friluftsområda. Tilrettelegging for turveggar og grøne strukturar, samt ivaretaking av strandsone og fjellområde er sentralt. Dei kartlagde regionalt viktige friluftsområda i Hordaland gjev eit godt grunnlag for kommunen sin planlegging. Hordaland fylkeskommune har verktøy som kan nyttast i planlegginga på nettsida [www.kart.ivist.no](http://www.kart.ivist.no)

### Strandsone

Strandsone er eit prioritert tema i plan –og bygningsloven som seier at det skal takast særleg omsyn til natur –og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Det er eit regionalt mål at ein skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal og naturressursar på land og i sjø, som i strandsone, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Strandsone skal haldast open og tilgjengeleg for ålmenta slik at ein ikkje byggjer ned verdifulle område.

Definering av funksjonell strandsone er ein hovudstrategi i den regionale strandsonepolitikken. Lokal kartlegging av økologiske, topografiske og bruksmessige tilhøve må gjennomførast som grunnlag. I arealplanlegginga vil den funksjonelle strandsone være eigna for å fastsette byggjegranser mot sjø i område der utbygging skal tillatast.

I strandsona bør utbygging skje i tilknytning til område som er utbygd frå før og mest mogeleg konsentrert. Det må leggjast vekt på ferdselsomsyn og landskapstilpassing. Dei vedtekne arealpolitiske retningslinjene for strandsona i Hordaland gjev viktige føringa for forvaltning og planlegging.

### Næring

I arbeidet med kommuneplanen bør ein vurdere kva slags utfordringar og mogelegheiter kommunen står ovanfor når det gjeld næringsutvikling. Ut frå dette kan ein gjere strategiske vurderingar av kva slags næringsverksemd kommunen ynskjer å satse på i framtida. I arealplanprosessen er det viktig med ein tett dialog med næringslivet, der ein finn god balanse mellom den overordna arealpolitikken i kommunen og ulike næringar sitt behov for areal.

### Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs, som gjev oss andre perspektiv på korleis me har utvikla og tilpassa oss til dei ulike natur- og kulturlandskap gjennom tida. Hordaland fylkeskommune viser til at Vaksdal kommune nyleg har lagt fram ein god plan for kulturminne i kommunen. Det er viktig at dette arbeidet ikkje må stoppa opp.

Kommuneplanen er eit viktig planverktøy der fleire av målsettingane i kulturminneplanen kan forankrast og gjerast moglege å gjennomføre. Kulturminneplan vil slik vere ein viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturminne. I arbeidet med kommuneplanen vil den vera eit nyttig verktøy som fangar opp kulturminna lokalt. Dette kan auka muligheita til å fokusera på dei ulike satsingsområde som t.d. reiseliv, utdanning, fysisk miljø, marknadsføring, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen.

Kommuneplanen bør har eit eige kapittel som fokuserer på temaet «kulturminne». Her må viktige objekt og område innan kulturminne og kulturmiljø skildrast: Kva tiltak som kan nyttast for å ivareta kulturminna på best mogleg måte. Dei automatisk freda kulturminne og andre vedtaksfreda kulturminne skal vera ein integrert del av kommunen sin politikk. Det er viktig å ha fokus på både direkte konsekvensar og indirekte verknader av kommunale prioriteringar. Dette gjeld særleg ved føreslåtte nye tiltak – arealbruk. Kommunen bør bruke dei databasane og kjeldene som er tilgjengelege som gjeld kulturminneinteressene som grunnlag for arealdisponering. Det kan med fordel arbeidast ut eit kart som viser Vaksdal sine kulturminne grunnlaget ligg alt i dei registreringane som er gjort i samband med kulturminneplanen. På same vis vil ei oversikt over verneverdige hus og kulturmiljø vera viktig å få kartfesta. Målsettingane med skilting og tilrettelegging bør vera del av planstrategi i kommuneplanen.

Nye byggeområde og LNF-område med spreidd utbygging som er i konflikt med kulturminne bør unngåast. Hordaland fylkeskommune som delegert kulturminnemynde vil kunne fremja motsegn om planframlegget har konfliktar med nasjonale eller regionale verdiar.

### Omsynssoner

Kommuneplanen må vise kulturminne på kart. Freda kulturminne skal visast på plankart med omsynssoner (d), jf. Plan- og bygningsloven (Pbl) § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan ha ein verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssoner (c) innanfor delplanområda, jf. Pbl § 11-8, c. Dei kommunalt prioriterte kulturminna bør og visast i planen. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone (d) og retningsliner til omsynssone (c) som sikrar at verneføremåla blir ivaretekne. Teksten vil måtte tilpassast kvart einskild tilfelle, men kan til dømes vere følgjande:

### Regionalt planforum

I framdriftsplanen for kommuneplanen er det sett opp drøfting i regionalt planforum. Fylkeskommunen vil gjerne invitere Vaksdal kommune til å komme i planforum for å diskutere utkast til ny kommuneplan slik at ein kan bidra med gjensidig informasjon, diskusjon og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommunen, fylket og sektormyndene. Kontaktinformasjon finn ein på våre nettsider [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på dei regionale plantema som er nemnt i denne fråsegna og dei generelle arealpolitiske retningslinjene som på våre nettsider: [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan) Vi deltek gjerne i samarbeid om planlegginga, og ynskjer Vaksdal kommune lukke til i arbeidet med ny kommuneplan.

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Jostein Aksdal, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdsavdelinga, Transportplanseksjonen

Anne Mette Nesje Porten, Regionalavdelinga, Utviklingsseksjonen

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland